



## Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 20.04.2017  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09.00 - 12.00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
015/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
016/2017	Godkjenning av møtebok
017/2017	Orienteringssaker
018/2017	Framlegging av mulighetsstudie Trohaug - nybrua
019/2017	Omtvista krav frå Modalen Kraftlag til Modalen kommune
020/2017	Val av representantar frå Modalen kommune til styre i BKK sitt Viltfond
021/2017	Val av røystestyre for 2017 - 2019
022/2017	Brannsamarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen
023/2017	Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg,samt regulering av feiegebyr i Modalen komune - Høyring
024/2017	Sandindustriutstilling Modalen.

5. april 2017

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Øivind Olsnes  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/60

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/60

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 16.02.2017

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/60

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA - L12	16/272

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

### Framlegging av mulighetsstudie Trohaug - nybrua

#### Forslag til vedtak:

Saka vert framlagt utan tilråding.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Oppfølging av sak 051/2016.

Arealplan og kommuneplanen 2015 – 2026 for Modalen kommune vart vedteken av kommunestyre i sak 033/2015, men med ein føresetnad av at det skulle utarbeidast ein områdeplan for Trohaug - Otterstad området. Notat om vidare oppfølging av dette vart lagt fram for kommunestyret i møte den 10.03.2016 sak 009/2016. Grunna prioritert arbeid med kommunereforma vart vidare prosess utsett til andre halvår 2016. Kommunestyret har i møte den 22.09.2016, sak 051/2016 vedteke å utarbeide ein mulighetstudie for « området mellom Trohaug og Nybrua », som ein første fase i planlegginga av ein områdeplan for Otterstad – Trohaug. Konklusjonar frå mulighetstudien vert å nytta som grunnlag for den vidare planprosessen.

Formannskapet vart oppnemnde som styringsgruppe for planarbeidet. Grunna formannskapet si vurdering av habilitet i saka deltok følgjande i styringsgruppa:

Ordførar Tom Kristian Thorsen, varaordførar Kristin Nåmdal, Ann-Jorunn Farestveit, Frank Stian Steinsland og Liv Anne Aanesen.

#### Vurdering

Styringsgruppa si utgreiing vert lagt fram til orientering og drøfting.

#### Vedlegg:

Oppsummering av utført arbeid  
2325\_3000A\_Situasjonsplan

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 614	16/96

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2017	Formannskapet	PS	28.03.2017
019/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

## Omtvista krav frå Modalen Kraftlag til Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

Med grunnlag i dei opplysningar som er framkome i saka finn Modalen kommunestyre ulike grunnar til at partane bør dele kostnaden med framsett krav frå Modalen kraftlag.

Modalen kommune vedtek derfor å betale kr 146.942.- , som utgjør halvdelen av framsett krav frå Modalen kraftlag.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Modalen kommune mottok våren 2016 eit krav frå Modalen kraftlag etter straumavlesing av ein målar i industribygget i Modalen. Målaren var ikkje avlest siste 12 år. Modalen kommune har bestrida grunnlag for kravet og har gjeve ulike tilbod til minnelege løysingar. Modalen kraftlag v/styret vil ikkje akseptere anna enn fullt oppgjør av framsett krav. Rådmannen har informert formannskapet om saka i møte 03.10.16 og 05.01.2017. Etter rådmannen si vurdering er det sakleg tvil om grunnlag for kravet, men sidan partane ikkje har kome til semje om ei minneleg løysing så legg rådmannen her fram ei sak til politisk avgjerd.

#### Vurdering

Modalen kommune vart først kontakta om saka av kraftlaget den 10.03.2016. Det vart halde eit møte mellom partane den 19.04.2016. I følgje kraftlaget vart straummålaren «stengt» i 2004 etter at ein leigetakar flytta ut av deler av dei lokala som målaren omfemner. I følgje kraftlaget plomberte dei då målaren, men meiner at plomberinga i ettertid er broten, sikringar sett i att og abonnementet teke i bruk, utan at Modalen kraftlag er vorte informert. I møte den 19.04. hadde ikkje kraftlaget sine representantar klare og eintydige opplysningar om korleis målaren var stengt. Heller ikkje i etterkant er slik etterspurd dokumentasjon framlagt.

Modalen kraftlag meiner at dei kan setje fram krav om at Modalen kommune, som huseigar, betalar for alt forbruk som har vore i perioden frå 2004 til ny avlesing av målareren den 30.03.16. Modalen kommune har frå denne dato teke ansvar for betaling av dette straumabonnementet.

Grunna uklare omstende kring kva som faktisk har skjedd, storleik på framsett krav og alvorlege skuldningar som er framsett om straumtjuveri og ulovleg framferd av kommunen sine tilsette eller leigetakarar i industribygget, så har rådmannen funne grunn til å føreta ein grundig gjennomgang og vurdering av ulike tilhøve ved saka.

#### Avstengd målar

Hverken i møte mellom partane i april 2016 eller ved seinare høve har Modalen kraftlag lagt fram ein klar og tydeleg dokumentasjon omkring tilhøva med fysisk stegning/plombering av målareren. Kraftlaget har i ettertid lagt fram utskrift av logg som syner at dei i sitt kundesystem har registrert abonnementet som stengd. Men det er ikkje det same som dokumentasjon på at målareren fysisk har vore plombert, og at straum til lys eller anna forbruk i aktuelle lokala har vore avstengd ein periode.

Kursar for denne målareren forsyner lys til mellom anna trappeoppgang til hyblar i 2. etg, garderobar i Hall C og anna utleigelokale. Det har vore fleire leigetakarar i lokala i dette tidsrommet. I og med at det har vore ulike brukarar til lokala og fleire har vore avhengig av lys/straum frå målareren, så skulle ein tru at nokon hadde reagert etter kort tid om straumen fysisk vart avstengd. Kommunen har derfor teke kontakt med tidlegare tilsette ved teknisk etat for å opplyse saka, men ingen kan huske at abonnement for målareren har vore stengd.

Modalen kommune har alltid vore og er ein solid og ryddig kunde til Modalen kraftlag og andre kreditorar. Rådmannen ser det derfor som utenkeleg at nokon av kommunen sine tilsette ulovleg har opna ein plombert målar på eiga hand, med det føremål å skaffe kommunen eller kommunen sine leigetakarar gratis straum. Likeeins er det underleg at andre med tilgang til lokalet skulle ha gjort dette utan at nokon hadde merka seg at straumabonnementet på førehand var stengd av.

Etter rådmannen og administrasjonen si vurdering så har det hefta rimeleg tvil om målareren fysisk har vore plombert, og kravet frå kraftlaget har derfor vore avvist.

Men i brev frå kraftlaget sin advokat datert 06.12.2016 (jf vedlegg) vert det no hevda:

*«Modalen Kraftlag SA har to vitner som kan bekrefte at anlegget ble stengt og hvordan anlegget ble stengt. Dette bør være like tilstrekkelig som at det foreligger en « logg i kraftlaget system»»*

#### Kommunale utleigeavtalar

Modalen kommune leiger ut areal i industribygget til ulike bedrifter. Det er installert fleire målarar for ulike lokaler (leigeobjekt) og det har vore fleire leigetakarar i dei aktuelle lokala i åra som målareren ikkje er avlest.

I Modalen kommune sine leigeavtaler står det i pkt. 4: *«Leigetakar dekker sjølv utgifter til lys, varme og reinhald i eigne lokaler»*. Det er derfor leigetakar sitt ansvar å teikne straumabonnement for lokala og si verksemd der.

Modalen kommune, som huseigar, har overfor Modalen kraftlag peika på at dei har vore kjend med at lokala har vore i bruk/leigd ut i desse åra. Modalen kommune kjenner ikkje til om det har vore noko kommunikasjon mellom leigetakarar og Modalen kraftlag om tinging av straumabonnement for gjeldane lokale slik underteikna leigeavtalar føreset. Kva som faktisk har skjedd i løpet av alle desse

åra er vanskeleg å slå fast, og kommunen har vore i god tru kring dette utleigevilkåret.

Under gjennomgang av denne saka har kommunen erfart at kurs for omtvista målar også omfemner areal utover utleigd lokale som kontraktar har omhandla. Dette er tilhøve som huseigar og noverande leigetakarar er i ferd med å avklare og rydde opp i seg i mellom. Inntil dette er avklara står derfor kommunen (huseigar) som ansvarleg for straumforbruket overfor Modalen Kraftlag.

#### Framlegg til løysingar

Modalen kommune sette fram slik tilbod til Modalen kraftlag i brev datert 20.04.2016:

*«Etter framkomne opplysningar finn ikkje Modalen kommune grunn til å påta seg ansvar for dekning av eit mogleg krav om betaling for ein periode på 12 år. For å få ei avklaring av saka vil Modalen kommune, som huseigar, tilby seg å betale for eit forholdsmessig utrekna straumforbruk for 3 år: Forbruk 321 674 kWh x 3/12år = 80 418 kWh.»*

Styret i Modalen Kraftlag behandla saka i styremøtet 24. mai 2016. Kommunen mottok melding om vedtak i brev datert 07.06.16 der dette framgår: *« beløpet vert å krevja inn på vanleg måte. ....Kraftlaget kan ikkje driva ulik handsaming av kommunen i forhold til andre kundar. ....»*

Kommunen forsøkte i løpet av juni – september å få til eit møte mellom partane for å drøfte saka og å få klarlagt ulike tilhøve nærmare utan at eit møte fann stad. Rådmannen drøfta saka pr. telefon med styreleiar i slutten av september og føreslo då at saka vart gjort opp ved at kvar av partane tok kostnaden med 50 % av kravet. Men rådmannen fekk den 28.09.16 tilbakemelding pr. telefon om at styret krevde full betaling.

Framlegg om ei slik deling av kravet vart også sett fram att i eit møte den 12.12.16 med styreleiar og elverksjef, men dette vart på ny avvist av styret i møte same dag.

#### Juridisk vurdering av kommunalt ansvar

Etter rådmannen si vurdering har det vore gunn til å avvise framsett krav utifrå fleire uklare tilhøve om bakgrunn for saka og tidsomfang (12år) for kravet. Rådmannen har i saka peika på at også kommunen må forhalde seg til og likestille sine ulike kreditorar i sine forretningsmessige forhold. Modalen kraftlag kjem derfor ikkje her i ei særstilling. Innan rådmannen sitt ansvarsområde og fullmakter har det derfor lagt til rådmannen å ta stilling til det framsette kravet som ei administrativ sak på linje med andre innkjøp.

Utifrå kravet sin storleik, påstandar om ulovlege handlingar og varsel om inkassokrav har rådmannen funne det turvande å søkje juridiske råd i saka.

Rådmannen sendte derfor slik tilbakemelding til Modalen kraftlag i brev datert 06.10.2016:

*«I møte den 3.10.2016 vart Modalen formannskap orientert om saka, der det vart protokollert at rådmannen føl opp kravet frå kraftlaget som ei administrativ sak.*

*Rådmannen har i den forbindelse søkt juridisk bistand i saka.*

*I kommunen sitt brev til kraftlaget av 20.04.2016 er det vist til møte den 19.04.2016, der kommunen etterlyste dokumentasjon for at målararen var stengt og plombert, slik kraftlaget har hevda. Då slik dokumentasjon framleis ikkje er lagt fram, kan vi ikkje sjå at kraftlaget har eit erstatningskrav knytt til tjuveri av kraft. Eit slikt krav har kraftlaget bevisbyrda for. Det burde vere enkelt å leggje fram logg som viser at målararen vart stengt, og etterfølgjande straumforbruk burde vel også kunne seie noko om det faktisk har vore ein periode med stengning.*



*Då samme målar også betener lyset i felleslokale, og andre leigetakarar har nytta bygget, måtte ein også forvente at desse hadde reagert på at straumen i felleslokala vart stengt. I mangel av dokumentasjon for ulovlig tapping av straum, legg vi til grunn at eit eventuelt krav på betaling for straum som ligg meir enn 3 år tilbake i alle fall er forelda. I den forbindelse vert det påpeika at også eit krav på skadeserstatning vert forelda etter 3 år frå den dag skadelidne fekk eller burde ha skaffa seg kunnskap om skaden og den ansvarlege. Kraftlaget var utan tvil kjent med at industrihuset var i bruk, og burde då ha skaffa seg kunnskap om straumforbruket dersom rutinar for avlesing iht forskriftene hadde vore følgde. Vi finn på denne bakgrunn ikkje at kommunen er ansvarlig for kravet, som etter leiekontraktens innhald er leigetakar sitt ansvar iht avtalar med kraftlaget.*

*For å få saka løyst i minnelegheit er Modalen kommune likevel villig til å dekkje straumforbruket for dei tre siste åra, dvs. den delen av uteståande som ikkje er forelda.*

*Tilbodet står ved lag til 14.oktober 2016.»*

I epost datert 14.10.16 mottok kommunen slik svar frå styreleiar i Modalen kraftlag:

*«Bekrefter å ha mottatt brev fra kommunen ang strøabonnement i industribygget på Mo. Modalen Kraftlag godtar ikke tilbudet fra Modalen kommune. Modalen Kraftlag mener at det er Modalen kommune som eier av bygget som er ansvarlig for dette strømforbruket, og dermed må betale strømgregningen vi har sendt på dette abonnementet.»*

Modalen kommune mottok i etterkant inkassovarsel datert 31.10.16, stort kr 293 833, 72.

Dette vart slik besvart i brev datert 08.11.16 av advokat på vegne av Modalen kommune:

## MODALEN KRAFTLAG – MODALEN KOMMUNE - BESTRIDT KRAV

Undertegnede representerer Modalen kommune i anledning faktura krav stor kr. 293 833.72 fra Modalen kraftlag.

**Kravet bestrides. Det avvises i sin helhet som urettmessig.**

Den underliggende begrunnelse for kravet er en strømvlesning som fant sted våren 2016 på industribygget i Modalen. Strømmåleren var ikke avlest siste 12 år.

Modalen kommune kan ikke gjøres økonomisk ansvarlig for kraftlagets passivitet – ved at strømmåleren ikke ble avlest før nå. Kraftlaget anførsel om at an kommunalt ansatt har fjernet plomberingen på anlegget er feil. Industribygget er - om enn i liten grad - avhengig av strømkilden.

For øvrig minner jeg om foreldelsesloven §§ 2 jf. 3. Foreldelsesfristen på 3 år regnes *fra den dag da fordringshaveren tidligst har rett til å kreve å få oppfyllelse*. I foreliggende tilfelle er det tale om avlesninger som kunne vært gjennomført suksessivt av kraftlaget. Selskapet kunne således ha krevd delvis oppfyllelse allerede for 12 år siden.

Dette forhold innebærer at størstedelen av kravet uansett er foreldet etter foreldelsesloven.

Kravet er bestridt og skal overføres til riktig rettslig instans for behandling. For øvrig viser jeg til inkassoloven § 17 om at *kostnadene [ikke] kan [...] kreves erstattet dersom skyldneren hadde innsigelser som det var rimelig grunn til å få vurdert før inndringen ble satt i verk*.

Modalen kommune mottok dette svar frå Modalen kraftlag i epost den 8.12.16:

*«Modalen Kraftlag opprettholder at faktura 22035 er etterfakturert på korrekt måte. Svarbrev vedlagt i eposten.*

*Dersom Modalen kommune ønsker møte med Modalen Kraftlag har vi anledning til det mandag 12. desember kl 15-16 i Kraftlagsbygget på Øvre Helland. Kraftlaget har styremøte den dagen, og daer det mulig for både styreleder og e-verksjef å stille.*

Tilsvaret frå Modalen kraftlag sin advokat inneheld alt vesentleg tidlegare gjevne opplysningar og framsette påstandar i saka, men det er ny opplysning at Modalen kraftlag no hevdar å ha to vitner som kan bekrefte at anlegget vart stengt. Rådmannen er i den samanheng litt undrande til at desse vitna først vert nemnd nær eit år etter at saka vart reist. Ein antek vidare at desse vitna også vil kunne opplyse om kven kommunalt tilsette det var, som den gong gav dei tilgang til lokale der målarer er montert, slik at også vedkomande kan gje sine opplysningar i saka.

Rådmann og assisterande rådmann møtte styreleiar og elverksjef til invitert møte den 12. desember utan at ein der kom til semje om saka.

### Konklusjon

Etter rådmannen si vurdering er det springande punkt i denne saka, om straummålarer faktisk har vore avstengd/plombert slik kraftlaget hevdar og at det slik har førekome straumtjuveri som påstått, eller er abonnementet berre har vore stengd i kraftlaget sitt kundesystemet. Etter rådmannen si vurdering heftar det framleis tvil om dette, men registrerer at kraftlaget etter at saka har vore drøfta i lang tid kan framskaffa vitne om dette. Til dette vil partane kunne føre vitne der ord vil stå mot ord

i saka.

Under prosessen har Modalen kraftlag sett fram ønskje om at saka skulle behandlast politisk. Rådmannen har ansvar for at kommunen likebehandlar alle forretningspartar og har derfor ikkje handsama dette i utgangspunktet som ei politisk sak. Men sidan partane ikkje er kome til semje om ei løysing må kommunestyret no derfor ta stilling til den vidare oppfølging av framsett krav.

Det er ikkje ønskjeleg med noko rettsleg tvist om denne saka. Dersom kommunestyret ikkje imøtekjem kravet så vil det vere Modalen kraftlag som må fremme sak for ei rettsleg oppfølging.

Etter rådmannen si vurdering føreligg det uvisse kring dei faktiske tilhøva som har utspring langt attende i tid. Samstundes synes det å vere manglar i sytem/rutinar hos begge partar. Dette burde tilsei ei deling av ansvar og kostnader for forbrukt straum over omtvista målar.

Utifrå ei samla vurdering av dei opplysningar som er framkome i saka vil rådmannen rå til at kostnader for målt straumforbruk over heile perioden vert delt med ein halvdel på kvar part.

**Vedlegg:**

Vedrørende sak Modalen kommune faktura 22035

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 033, FA - X42	15/283

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017
004/2017	Valnemda	PS	28.03.2017

## Val av representantar frå Modalen kommune til styre i BKK sitt Viltfond

### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande representantar frå Modalen kommune til styret i BKK sitt Viltfond

Linda Neset, medlem  
Torbjørn Aas, varamedlem

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn / vurdreing

I konsesjonsvilkåra pkt. 14 for Eksingedalsreguleringa i 1966 vart BKK pålagt å betale eit årleg tilskot til eit **viltfond**, som i fellesskap skal forvaltast av kommunane Vik, Voss, Vaksdal og Modalen.

I brev frå Direktoratet for vilt og ferksvannsfisk av 29.01.79 til kommunanen, står det at midlane konsesjonærene pliktar å betale skal nyttast til «**opphjelp av fiske og jakt**». Midlane skal delast slik at 25% går inn på det felles viltfondet, medan 75% vert betalt ut direkte til kkommunane sine eignes fiskefond.

Gjeldande «*Vedtekter for BKK sitt viltfond i samband med Eksingedalsreguleringa*» vart vedtekene av dei fire kommunestyre våren 2001, jf. vedlegg.

Det har vore liten aktivitet i dette fondet i seinare år. Siste møte var 29.05.2008.

Frå hausten 2016 er det no Vik kommune som administrerer fondet.

Modalen kommune har ikkje føreteke val av medlem/varamedlem til fondsstyret etter for valperioden 2007-2011.

Det var halde møte i fondsstyret i 13.02. 2017. Linda Neset (som også er medlem i Villreinnemnda for

Fjellheimen for perioden 2015 – 2019) møtte på dette styremøtet.

Ved konstituering av styre vart ho vald som nestleiar i styret.

**Konklusjon**

Modalen kommune må no føreta eit formelt val av medlem og varamedlem til styret.

**Valnemda - 004/2017**

**VALN - behandling:**

Samrøystes

**VALN - vedtak:**

Kommunestyret vel følgjande representantar frå Modalen kommune til styret i BKK sitt Viltfond

Linda Neset, medlem

Torbjørn Aas, varamedlem

**Vedlegg:**

Vedtekter BKK sitt viltfond

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE - 011	16/181

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017
005/2017	Valnemda	PS	28.03.2017

### Val av røystestyre for 2017 - 2019

#### Forslag til vedtak:

##### Medlemer til Røystestyre, Øvre Helland 2017 -2019

Medlem: Aud Sonja Fjellanger, leiar

Medlem: Siv Aina Gullbrå, nestleiar

Medlem: Aslaug Farestveit

Medlem: Gunnhild Steinsland

##### Medlemer til Røystestyre, Mo 2017 - 2019

Medlem: Signy Vikane, leiar

Medlem: Ove Eidsnes, nestleiar

Medlem: Steinar Nordås

Medlem: Jarle Midtun

#### Saksopplysningar:

Det skal vera eit røystestyre med minst 3 medlemmer som administrera stemmegivinga på kvar røystestad. Medlemmene i røystestyret vil etter kommunelova vere folkevalde, og reglane i kommunelova om rettar og pliktar for folkevalde gjeld for medlemmane. Kommunestyret fastset kor mange medlemmer det skal vera i røystestyra.

Røystestyret kan setjast saman av kommunalt tilsette og/ eller politikarar. Dersom ein vel politikarar, bør ein syte for ei samansetjing med representantar frå fleire parti. Ein kan og velje personar som ikkje er politikarar, så lenge dei er folkeregisterført som busette i kommunen. Kommunestyret vel medlemmer til røystestyra og leiarar/nestleiar. Val av røystestyret kan delegerast til valstyret.

## **Bakgrunn**

Ved kommunevalet 2015 var røystestyret samansett slik:

### **Medlemer til Røystestyre, Øvre Helland**

Medlem: Aud Sonja Fjellanger, leiar

Medlem: Siv Aina Gullbrå, nestleiar

Medlem: Aslaug Farestveit

Medlem: Gunnhild Steinsland

### **Medlemer til Røystestyre, Mo**

Medlem: Signy Vikane, leiar

Medlem: Ove Eidsnes, nestleiar

Medlem: Steinar Nordås

Medlem: Jarle Midtun

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved stortingsvalet 2017, Mo og Øvre Helland

Det skal nyttast elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Det blir tilgang på 2 stk. PC'ar til bruk i vallokala.

## **Valnemda - 005/2017**

### **VALN - behandling:**

Samrøystes

### **VALN - vedtak:**

#### **Medlemer til Røystestyre, Øvre Helland 2017 -2019**

Medlem: Aud Sonja Fjellanger, leiar

Medlem: Siv Aina Gullbrå, nestleiar

Medlem: Aslaug Farestveit

Medlem: Gunnhild Steinsland

#### **Medlemer til Røystestyre, Mo 2017 - 2019**

Medlem: Signy Vikane, leiar

Medlem: Ove Eidsnes, nestleiar

Medlem: Steinar Nordås

Medlem: Jarle Midtun

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 026, TI - &10	16/327

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2017	Formannskapet	PS	28.03.2017
022/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

### Branssamarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen

#### Forslag til vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek å ta del i felles samarbeid om brannvern og beredskap for kommunane Lindås, Meland og Modalen med verknad frå 01.05.17.

Brannordninga er organisert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter Kommunelova § 28b, der Lindås er vertskommune.

Vilkåra som framkjem av vedlagt *Samarbeidsavtale* og *Brannordning* for kommunane vert lagt til grunn, der mellom anna slike økonomiske vilkår er særskilt avtalt for Modalen kommune:

- Modalen kommune skal betale eit årleg grunnbeløp – stort kr 600.000. Grunnbeløpet skal indeksregulerast pr. 1.5. - første gong i 2018 - tilsvarande fastsett samla pris- og kostnadsvekst (kostnadsdeflator) i statsbudsjettet.
- Modalen kommune skal betale ein andel av årleg driftsbudsjett utrekna etter folketalet i kommunane (Modalen sin andel -1.6%). For 2017 utgjer dette ca. kr 315.000.
- Modalen kommune betalar inn ei ekstra årleg innbetaling for åra 2017, 2018 og 2019 (fast stor kr 200.000.- pr år). Dette skal dekkja avvik i forhold til «Rein brannmann» og avvik i forhold til kompetanse og utstyrsbehov forankra i lokal ROS.
- Mannskapa i Modalen har høgare sats for personsøkjjar-tillegget enn mannskapa i Lindås og Meland. Denne differansen vert dekkja av Modalen kommune som ekstra bevilgning.
- Modalen kommune kostar utbetring av stasjonen på Mo og inngår leigeavtale med vertskommunen om dette.
- Modalen kommune må sjølv betale kostnader for å oppretthalde drifta av branngarasje/depot på Øvre Helland, men bruk av anlegg/utstyr vil inngå i samarbeidet.
- Bilar og utstyr som Modalen eig skal vere med inn i samarbeidet. Drift/vedlikehald vert ivareteke av samarbeidet. Modalen kommune står framleis som eigar av sine bilar og dei vert derfor ikkje omregistrert. Ved eventuell retrett (oppseiing) frå avtalen vil bilane og utstyret tilhøyre Modalen kommune. Ved seinare trong til utskifting av bilar vil dette verte gjort gjennom samarbeidet.
- Inkludert i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvarets sitt lager blir halde utanfor (gjeld også for Lindås og Meland).



Modalen kommunestyre delegerer til Brannsjefen i samarbeidet (Rådmannen i Lindås kommune) alle oppgåver med beredskap og feiing som er heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Brannsjefen skal også ivareta og utøve det brannfaglege mynde på vegne av Modalen kommune i følgjande samarbeidsorgan:

- Avtale mellom kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund om samarbeid for å utføre lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i desse 4 kommunane.
- Avtale for samarbeid om ei felles førebyggjande avdeling innan brannvern for kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Radøy, Solund, Modalen og Fedje.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Under Ksak 014/2013 vart «arbeidsavtale for brannmannskap i Modalen kommune» handsama. I forbindelse med førebuing av saka vart grunnlag for eit meir formalisert samarbeid med Lindås og Meland brannvern drøfta, men ikkje realisert. Etter dette har Modalen kommune hatt eit tett samarbeid med Lindås og Meland brann og redning (LMBR) om øvingar, kompetansetiltak og innkjøp av ny redningsbil og utstyr.

Under drøftingar i formannskap/kommunestyre i samband med budsjettet for 2017 vart det føreslege å inngå eit tettare brannsamarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen. Rådmannen har følgd opp dette i drøftingar med rådmennene i nemnde kommunar og brannsjef for LMBR.

Det føreligg no framforhandla *samarbeidsavtale* og avtale om ei *brannordning*, som her vert lagt til grunn for godkjenning i kommunestyra i dei tre kommunane om endring og utviding av samarbeidet.

### Vurdering

#### Informasjon og drøftingar

Det er halde drøftingsmøte med tillitsvald i Modalen brannvern den 06.02.17. Ikkje merknader. Den 14.02.17 vart det halde eit informasjonsmøte for brannmannskapa i Modalen brannvern der også brannsjef, tillitsvald og verneombud for LMBR var med. Framlegg til planlagte endringar vart positivt motteke av dei lokale mannskapa. Informasjon til berørte partar skulle med dette vere godt ivareteke.

Kommunestyret fekk ein førebels informasjon om planlagt samarbeid i møte den 16.02.17.

#### ROS-analyse for brann – Modalen kommune

Lindås og Meland brann og redning lagde i 2015 ein Risiko- og sårbarhetsanalyse for brannområdet i Modalen kommune. Rissikotilhøva vart også vurdert i den overdna ROS-analysen for kommunen i 2016.

Rissikobilde, avstand til nabobrannvern og utrykningstid tilseier at det framleis må vere eit lokalt deltidbrannvern i Modalen. I samarbeidet vert det derfor lagt opp til å ha eit lokalt brannmannskap, med ein innsatsstyrke dimensjonert i samsvar med krav frå DSB (Direktoratet for Sikkerhet og Beredskap), men no i fellesskap med Lindås og Meland.

#### Feiing

Kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund har i dag ein avtale om samarbeid for å utføre lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i dei 4 kommunane. Denne samarbeidsavtalen vil verte vidareført mellom desse kommunane. Men brannsjefen for det nye brannsamarbeidet vil etter delegasjon ivareta og utøve det brannfaglege mynde på vegne av Modalen kommune også i samarbeidet om feiinga.

#### Samarbeid om felles førebyggjande avdeling

Vi har i dag også eit samarbeid om ei felles førebyggjande avdeling innan brannvern. Med i dette samarbeidet er kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Radøy, Solund, Fedje og Modalen. Samarbeidet er regulert i eigen avtale og vert ikkje berørt av endringa, anna enn at brannsjefen for det nye brannsamarbeidet også her vil ivareta og utøve det brannfaglege mynde på vegne av Modalen kommune.

#### Status for Modalen brannvern

Vi har i dag brannstasjon på Mo og eit depotlager på Øvre Helland. Krav frå DSB er at vi skal ha eit mannskap på 16 deltidstilsette, og har oppfylt dette. Mannskapet er motivert og interessert for si oppgåve.

Bilpark og sløkke-/redningsutstyr er oppgradert i seinare år og er på tilfredstillande nivå i høve krav. Mannskapa manglar formelle kompetansekrav for konstablar. Vi har ikkje utdanna personar til ulike leiaroppgåver, anna enn noverande brannsjef. Det er også eit avvik når det gjeld manglande personleg verneutstyr.

Over år har det vist seg vanskeleg å gjennomføre opplæring og øvingar i eiga regi. Seinare år har vi fått hjelp til dette frå LMBR. Vi har også hatt god hjelp til innkjøp av utstyr og ny redningsbil.

For å lukke avdekka avvik i høve kompetansekrav, personleg utstyr og diverse anna utstyr, er det her avtalt at Modalen kommune skal betale inn ein ekstra årleg sum - stor kr 200.000.- for åra 2017, 2018 og 2019 – til det felles samarbeidet. Dette er midlar som direkte vil gå til investeringar og opplæring i Modalen.

#### Utfordringar og behov for endringar

DSB har skjerpa sine krav til kommunane, og frå 01.01.17 er det ikkje lenger mogleg å få godkjend dispensasjonar frå krav til kompetanse. Det pågår no ei revidering av dagens dimensjoneringsforskrift. I dette arbeidet er det kome føringar frå justisdepartementet til DSB om at den nye forskrifta må stilla krav til at kvart brannvern skal minst ha ein brannsjef, ein varabrannsjef og ein leiar for førebygging, alle i 100% stilling. Det er derfor trong for å få på plass ulike formelle samarbeidsavtalar mellom brannverna. Dette er vanskeleg å følgje opp for eit lite lokalt brannvern med små ressursar til leing.

Forutan utfordringar i høve etterslep vedkomande kompetansekrav så har vi også ulike utfordringar med manglande rutinar og internsystem. Arbeidstilsynet føretok i 2016 eit tilsyn der vi har fått pålegg om oppfølging i høve HMS-arbeid og tilrettelegging av arbeidstilhøve for brannmannskapa. Dette må følgjast opp våren 2017 og vidare, uavhengig av om vi deltek i det nye samarbeidet eller ikkje.

I Nordhordland og fylket elles skjer det også andre drøftingar om endringar i organisering. Eit større brannsam arbeidet er under utgreiing i Nordhordland, men rådmannen meiner at det er trong til å gjere endringar allereide no for Modalen.

Ved å gjennomføre føreslegne tiltak/investeringar og ta del i det felles brannvernssamarbeidet vil mykje av nemnde utfordringar ovanfor kome på plass, ikkje minst ved at vi kan dra nytte av rutinar, avtalar og system som allereide er etablert i LMBR. Dette vil gje ulike og fleire gevinstar over tid.

#### Arbeidsavtalar for mannskap

I 2012 vart det framforhandla arbeidsavtalar med avtalt arbeidsomfang, lønnsvilkår og godtgjerigar til mannskapa i Modalen brannvern. Alle som er med i deltidbrannvernet i Modalen har i dag eit tilsettingsforhold i Modalen kommune.

Lindås kommune, som vertskommune, vil vere den formelle arbeidsgjevaren for alt mannskap som er med i det nye felles brannssamarbeidet. Modalen kommune har sendt melding om at gjeldande arbeidsavtaler er sagt opp for vårt mannskap, føreset ny ordning vert sett i verk. Nye arbeidsavtalar, med tilsvarande vilkår, vil då verte inngått av Lindås kommune gjeldande frå oppstartsdato.

Det er avtalt at Modalen kommune i komande år skal betale til det felles brannvernet, differanse og meirkostnad som framkjem i høve dei avtalar som i dag gjeld for mannskapa i LMBR. Alt vesentleg er det ein differanse i årleg godtgjering for bæring av varslingsradio, men totalt utgjer dette no ca. kr 80.000 pr år.

Det har ikkje kome inn merknader til endring av arbeidsavtalar frå tilsette i Modalen brannvern.

#### Gevinstar ved samanslåing

Å vere del av eit større miljø vil vere fagleg motiverande for mannskapa. Ved slik deltaking vil vi få overført erfaringar og kompetanse, som kan medverka til å oppfylle kompetansekrava til mannskapa gjennom opplæring og øvingar.

I samarbeidet vil ein kunne samkjøre innkjøp og organisere ein kosteffektiv bruk av utstyr og materiell. Dette vil redusere driftskostnadane i samarbeidet. Vi får del i stordriftsfordelar, alternativt til å vere ei lita og sjøvtendig eining.

Ved innkjøp av ny utrykningsbil er det også kjøpt inn redningsutstyr for bilulykker og hjartestartar. Dette opnar mulighet for å utvide brannmannskapa si oppgåve til også å rykkje ut på oppdrag til livreddande førstehjelp. Gjennom samarbeidet vil ein kunne gjennomføre naudsynleg opplæring og tilby slik hjelp. Dette vil truleg auke antal utrykningar for mannskapa i Modalen, men vere positivt for innbyggjarar og andre som oppheld seg her.

I Lindås er Romarheimsområdet og E39 eit sårbart område, dersom vegtunellar er stengt mot Knarvik. Då kan det vere det trong for utrykning frå Modalen og Masfjorden (Matre). Ein godt utrusta og kompetent innsatsstyrke i Modalen vil soleis vere nyttig for den totale beredskapen i området.

#### Vaktordning – leiing

Modalen brannvern har ikkje krav til vaktordning. LMBR har i dag fleire heiltidstilsette og organisert vaktordning med befal og utrykningsleiing.

I eit samarbeid vil det ikkje verte innført vaktordning for deltidsmannskapa i Modalen, men ein vil

nyte godt av felles leing, vakt og alarmering ved ulike hendingar.

#### Opprusting av lokal brannstasjon på Mo

Behovet for å utbetre brannstasjonen i industribygget på Mo har vore drøfta ei tid. Arbeidstilsynet har stilt ulike HMS-krav for å leggje tilhøva til rette for å ivareta krava til «rein brannmann». Det må mellom anna innreist lokale med garderobe og sonar for reint/skittent verneutstyr. Arbeid og kostnad med å utbetre desse tilhøva må Modalen kommune prioritere gjennomføring av, uavhengig av organisering.

Teknisk etat har fått utarbeida ei skisse for oppgradering av lokala. Oppgraderinga må drøftast og utførast i samråd med verneombod og etter krav frå arbeidstilsynet. I eit brannsamarbeid vil vi kunne dra veksjar på erfaringar og løysingar som LMBR har gjort seg.

I avtalen for det nye brannsamarbeidet er det lagt opp til at Modalen kommune har ansvar for og opprustar nøktrene, men funksjonelle lokale i brannstasjonen i samsvar med krav frå arbeidstilsynet. Det skal inngåast eigen leigeavtale for brannstasjonen på Mo mellom Modalen kommune og brannsamarbeidet basert på dette.

#### Branngarasje/depot på Øvre Helland

På Øvre Helland har vi eit depot for brannvernustyr. Depotet vil verte vidareført som i dag. Branngarasjen er ein integrert del av vassverket på Øvre Helland. Det er ikkje planlagt å skilje dette ut som eit eige leigeobjekt. Rådmannen vil tilrå og legg til grunn at Modalen kommune sjølv tek dei fulle kostnadane med å oppretthalde og drifte dette depotet i etterkant av samanslåinga, men då styrt gjennom samarbeidet.

#### Avtalar

Det er no utarbeida to avtaledokument som skal godkjennast av kommunestyra i Lindås, Meland og Modalen.

#### ***Brannordning for kommunane Lindås, Meland og Modalen 2017-2020***

Dette er det overdna styringsdokumentet som omtalar mellom anna:

- Brannvernsamarbeidet
- Organisering – førebyggjande avdeling
- Organisering av beredskapen
- Dimensjonering av beredskapen
- Opplæring og kompetanse
- Godkjenning og oppseiing av brannordninga

Namn på den nye eininga er: ***Lindås, Meland og Modalen brann og redning (LMMBR)***

#### ***Samarbeidsavtale – Avtale om felles brannvesen, beredskap og feiing mellom kommunen Lindås, Meland og Modalen (unnateke for feiing)***

Dette dokumentet omtalar meir i detalj ulike organisatoriske tilhøve, oppgåver og mynde samt økonomiske vilkår/føresetnader i samarbeidet. I avtalen er det også teke inn særskilt avtalte vilkår for Modalen kommune ved utviding av eksisterande samarbeid.

Når det gjeld særskilte vilkår for Modalen kommune så er følgjande å nemne:

- Modalen kommune skal betale eit årleg grunnbeløp – stort kr 600.000. Grunnbeløpet skal

indeksregulerast pr. 1.5. - første gong i 2018 - tilsvarande fastsett samla pris- og kostnadsvekst (kostnadsdeflator) i statsbudsjettet.

- Modalen kommune skal betale ein andel av årleg driftsbudsjett utrekna etter folketalet i kommunane (Modalen sin andel -1.6%). For 2017 utgjer dette ca. kr 315.000.
- Modalen kommune betalar inn ei ekstra årleg innbetaling for åra 2017, 2018 og 2019 (fast stor kr 200.000.- pr år). Dette skal dekkje avvik i forhold til «Rein brannmann» og avvik i forhold til kompetanse og utstyrbehov forankra i lokal ROS. Det er utarbeida prioriteringsliste basert på kartlegging haust 2016.
- Mannskapa i Modalen har høgare sats for personsøklar tillegget enn mannskapa i Lindås og Meland. Denne differanse vert dekkja av Modalen kommune som ekstra bevilgning. Avtalen gjeld så lenge det er differanse mellom mannskapa. Målet er å synkronisera satsane over tid.
- Modalen kommune kostar utbetring av stasjonen på Mo og inngår leigeavtale med vertskommunen om dette.
- Modalen kommune må sjølv betale kostnader for å oppretthalde drifta av branngarasje/depot på Øvre Helland, men bruk av anlegg/utstyr vil inngå i samarbeidet.
- Bilar og utstyr som Modalen eig skal vere med inn i samarbeidet. Drift/vedlikehald vert ivareteke av samarbeidet. Modalen kommune står framleis som eigar av sine bilar og dei vert derfor ikkje omregistrert. Ved eventuell retrett (oppseiing) frå avtalen vil bilane og utstyret tilhøyre Modalen kommune. Ved seinare trong til utskifting av bilar vil dette verte gjort gjennom samarbeidet.
- Inkludert i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvarets sitt lager blir halde utanfor (gjeld også for Lindås og Meland).
- Avtalen om feiarveneste er ikkje gjeldande for Modalen kommune, som har feiaravtale med Masfjorden, Gulen og Solund kommunar. Krav til dokumentasjon, kvalitet og metode er likevel likt i alle kommunar. Brannsjefen i vertskommunen er faglig ansvarlig også for innleigde tenester.

### Økonomi

Modalen kommune har i dag eige budsjett for drift og investeringar til lokalt brannvern. I dei siste åra har kommunen kjøpt bistand frå Lindås og Meland brann og redning. Dette behovet vil utgå gjennom samarbeidet.

Alle kommunar må betale for ulike beredskapsrelaterte funksjonar. Modalen har i dag slike kostnader til dette (2016):

Beredskapsorgan	Årsavgift	Vil inngå i betaling for felles brannvern
IUA (interkommunalt samarbeid)	37.149	ja
110 - brannvarsel	15.120	Ja
TETRA-lisensar (nødnett)	138.611	Ja
Sivilforsvaret - beredskapslager	21.464	Nei

Fellesutgifter til kommunal forvaltning av sivilforsvarsmateriell inngår ikkje i årleg betaling til felles brannvern for Lindås og Meland heller. For kostnader til TETRA så har vi få innbyggjarar å dele lisenskostnadane på og vi kjem derfor i dag dårleg ut i høve andre kommunar.

Kostnadar med nye «Lindås, Meland og Modalen brann og redning» er føresett finansiert etter samme modell som samarbeidet mellom Lindås og Meland skjer i dag, men med avtalt særskilte

vilkår for Modalen si inntreden i samarbeidet slik dette framgår av samarbeidsavtalen - pkt.5.

Denne finansieringsmodellen vil kunne verte endra seinare, når Radøy skal inn i samarbeidet ved kommunesamanslåinga eller om det vert ei større utviding med fleire kommunar. Men i saka her vert dei økonomiske vurderingar gjort basert på avtalte vilkår no.

Basert på dette vil Modalen kommune sin kostnad vere slik rekna for 2017

Kostnad	Sum heilår	Sum 01.05.- 31.12.
Årleg grunnsom *	600.000	400.000
Andel av driftbudsjett for 2017 (1.6%) *	315.000	210.000
Fast ekstra innbetaling 2017, 2018 og 2019 til investeringar/opplæring	200.000	200.000
Kompensasjon avvik lønn *	80.000	55.000
Totalt	1.195.000	865.000

\*) I 2017 vert 2/3 fakturert sidan oppstart er sett til 1.5.2017.

For Modalen brannvern utgjør faste lønnskostnader for brannmannskapet i dag ca. kr 705.000. I tillegg kjem det kostnader til overtid/lønn ved utrykningar og kjøp av bistand. Kostnader til IUA, 110 og TETRA utgjør ca kr 190.000.

Sett i samanheng med at kommunen sjølv måtte gjennomført ekstra investeringar til verneutstyr og opplæring dei komande åra, så vil eit samarbeid gje ein reduksjon i dei totale kostnadene for Modalen kommune. Kostnaden til denne tenesta var i 2016 kr 1.400.000, men det er berre sett av kr 1.154.000 i driftsbudsjettet for 2017. Dette medfører at det seinare truleg må gjerast ei justering av driftsbudsjettet for denne tenesta i 2017.

Modalen kommune skal vidare finansiere naudsynt oppgradering av brannstasjonen på Mo. Dette må innarbeidast i investeringsbudsjett/økonomiplan for 2017/18. Men det skal utarbeidast ein leigeavtale mellom Modalen kommunen og LMMBR når dette er gjennomført.

Modalen kommune må sjølv betale kostnader for å oppretthalde drifta av branngarasje/depot på Øvre Helland, men bruk av anlegg/utstyr vil inngå i samarbeidet.

Modalen kommune sine kostnader for samarbeidsavtalar for feiing og førebyggjande brannvern er regulert i egne avtalar som er uavhengig av samarbeidet gjennom LMMBR. Desse kostnadane er derfor ikkje medtekne her.

#### Oppstart

Føresett godkjenning av samarbeidet i dei tre kommunestyra vert det no førebudd å iverksetje oppstart pr. 01.05.17.

**Konklusjon**

For Modalen kommune vil det vere tenleg å verte del av eit større brannsamarbeid. Det er no framforhandla avtalar mellom Lindås, Meland og Modalen om eit felles samarbeid – LMMBR. Rådmannen meiner dette er ei fagleg og økonomisk god løysing, og rår til at Modalen kommune vedtek å ta del i dette samarbeidet, og godkjenner avtalar og vilkår slik dette framgår i saksutgreiinga.

**Vedlegg:**

Samarbeidsavtale mellom Modalen Lindås og Meland

Revidert brannordning Lindås Meland og Modalen, endelig versjon

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øivind Olsnes		17/97

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
023/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

## Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg,samt regulering av feiegebyr i Modalen komune - Høyring

### Forslag til vedtak:

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Modalen kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Forskrift om brannførebygging er revidert. Denne set krav til at også fritidsbustader skal ha feiing og tilsyn, noko som fram til 1. januar 2016 berre var krav til bustader. Det er no laga eit framlegg til lokal forskrift for lettare å kunne forvalte dette kravet, men også tenesta som heilheit.

#### Fakta

Feiing og tilsyn vert i dag ivareteke gjennom eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Solund, Modalen, Gulen og Masfjorden. Det er Masfjorden kommune som har fagansvar for tenesta og arbeidsgjevaransvaret for feiaren som utfører arbeidet.

#### Vurdering

Det har ikkje tidlegare vore lokal forskrift for denne tenesta. For å få på plass eit godt styringsverktøy for denne tenesta, er det no laga eit framlegg til lokal forskrift. Denne vil avklare ulike element ved tenesta, noko som kan vera nyttigt både for den utførande part og ikkje minst kva retter og plikter det inneber å ha ein bustad i kommunen.

#### Konklusjon

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Modalen kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

### Vedlegg:

Lokal forskrift om feiing og tilsyn i Modalen kommune (L)(51621)



# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		17/98

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

## Sandindustriutstilling Modalen.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet i arbeidet med å etablere ei permanent utstilling gjennom bilete og tekst i Bryggjeslottet som syner utviklinga i kommunen si sandindustrihistorie.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Sigrun Dale foreslo hausten 2016 for kulturkontoret å lage ei utstilling som kunne dokumentere sandindustrien si historie i Modalen. Næringa har vore sentral for kommunen si utvikling sidan omlag 1890-åra. Forslaget vart tatt opp igjen i januar 2017 kor Sigrun og Ove Sæbø (kultur- og utviklingssjef) hadde eit møte. Det vart m.a. drøfta at viktige delar av informasjon/historiar er i ferd med å gå tapt då den generasjonen som har vore delaktig i industrien etter kvart ikkje lenger vil kunne overbringe dette.

Sigrun Dale samarbeider med Inga J. Nåmdal (biblioteksjef) om å etterlyse bilete og historiar. Det vart etterspurd bidrag gjennom kommunen si nettside, og saka vart omtala i lokalmedia. Bileta som vert samla inn vert handsama vidare og bearbeida for utstilling. Britt Farestveit står for design/bearbeiding av materiell og utstilling.

#### Vurdering

Modalen kommune er samd i at sandindustrihistoria er eigna tema for ei lokalutstilling. Industrien har forma samfunnet og mykje av identiteten til modølingane. Det vil vere eit viktig bidrag for noverande og kommande slekter å få denne innsikten presentert i utstillingsform, samstundes som om dette er noko kommunen kan by besøkande. Bryggjeslottet er valgt som utstillingsarena då mange vil kunne oppleve utstillinga både på planlagt vis, samt at ein meir tilfeldig kan oppdage ho som besøkande.

Vurderinga er at dette er i tråd med næringsfondet sine vedtekter når det gjeld kommunale

fellestiltak – samle og styrke Modalen/Bryggjeslottet som formidlar av innbyggjarane si sentrale kulturhistorie. I tillegg er det eit bidrag knytt til å styrke kommunen som reisemål. I marknadssamanheng er det eit viktig bidrag å sikre at Modalen byr på fleire og ulike opplevingar som til saman vert eit attraktivt mangfald. Me skal m.a. nytte næringsfondet for å gjere Modalen sine tilbod kjende både for eigne innbyggjarar og folk utanfor kommunen.

Det er skrive ein del om sandindustrien i ulike bøker som dekkjer delar av historia. Denne utstillinga tek føre seg å dokumentere heilskapen.

### **Konklusjon**

Det er noko usikkert kva endeleg kostnad for tiltaket vert då ein p.d.d. ikkje har full oversikt over biletegrunnlaget. Handsaming av bilete fram til eigna utstillingsformat er eit usikkert punkt. I tillegg er det slik at det undervegs i arbeidet vil verte aktuelt å gjere lydopptak av historiar slik at desse kan takast i vare / lagrast i digitalt arkiv. Vegen vert litt til etter kvart som stega vert tekne.

Kostnadsramma er rekna til kr. 50 000,-. Foreløpig plan for ferdigstilling er modalsdagane 2017.